

marken". Den maalformi han der brukar, skil seg ikkje mykje ut fraa Ivar Aasen si. Professor Bugge segjer um si form, at han ikkje nøgje hev fylgt uttalen i Telemarki, men ofte teke upp fullare eller meir aalmenne former etter samanlikning med dei andre norske bygdemaal eller med gamalnorsk.^{*)}

Men Ivar Aasen var den som med beste kjennskapen til det norske folkemaal og med det finaste øyra for samklagen i maalet fann den formi som vann det norske folkehjarta. Og verk-naden viste seg snart. Fraa den tid denne skriftformi vart kjend, hev det til kvar tid vorte fleire og fleire som hev teke til aa skriva norsk, og me er alt paa god veg til aa byggja upp eit bokrike i landet paa vaart eige maal.

Den norske *maalrøising* er i full gang.^{***)}

Etter dette fekk me daa tvo bokmaal i landet, liksom me hev tvo talemaal. So allmegtig som dansken var, er det sjølvsagt at det maatte verta ein hard strid millom deim som hadde vant seg til det gamle, og deim som vilde hava upp eit heilstoypt norsk maal, som ikkje var norsk berre i namnet. Men i den striden hev norsken vunne fleire og fleire vener innanfor alle lag og alle politiske parti i landet, helst millom landsfolket. I 1885 vart det av storting og riksstyring vedteke, at *landsmaalet* eller nynorsken skulde vera

*) Sidan hev ogso andre som *Olaus Fjørtoft*, *O. I. Høiem* i 70—80 aari, of. freista aa setja upp mynsterformer, som i sume stykke veik noko meir av fraa Ivar Aasen si. Dei fekk ikkje framgang med formerne sine, um dei endaa hev set merke etter seg paa andre maatar.

**) For det norske maal paa Færøyarne — færøymaalet — hev V. A. Hammershaimb sett upp ein aalmen skriveaate (*Annal. f. nord. oldkynd. 1854*), og i den siste maansalderen hev ogso færøymaalet teke til aa reisa seg og krevja sin rett i skule og kyrkja.